

Uttalelser etter varsel oppstart av reguleringsplanarbeid



Plannavn: Detaljregulering for Ølve industribase – 12/167 med fleire

Arealplan-ID: 20240004

Frist for innspill: 10.06.2025

Altinnreferanse: 439443C05253

Svar fra berørte parter:

Navn:

LAILA K SKARVATUN REVNE

Telefon:

E-post:

Uttalelse

Me ber om bli holdt utenfor nye planområdet til Ølve Industribase. Gardsnr 12, bruksnr 57 og 58. MvhKåre og Laila Revne

Vedlegg til uttalelsen

Uttalelse_LAILA K SKARVATUN REVNE_20250501_200948.pdf

Fra: [Arne Nerhus](#)
Til: [Turid Verdal](#)
Kopi: [Steinar Bjørkelund](#); [Thor Nerhus](#); [Tor Heine Nerhus](#); [Anders Nerhus](#)
Emne: Reguleringsplan Ølve Industribase Plan-ID: 20240004
Dato: onsdag 21. mai 2025 12:48:29

Det er ikkje ofte du tek imot e-post frå arne@oelve.no. [Finn ut kvifor dette er viktig](#)

Hei!

For ordens skyld vil vi gjøre oppmerksom på at Gnr. 12 Bnr. 39, Bnr.45 og Bnr. 141 eies av Kronviken A/S

Ølve Industrier A/S leier grunnen med påstående bygninger hos Kronviken A/S.

Dette må rettes opp.

Med helsing

Arne Nerhus



Ølvesvegen 385

N-5637 ØLVE

Dir: +47 53 47 00 02

Mob: +47 90 84 45 36

WEB: www.oelve.no

E-mail: arne@oelve.no

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Bare sendt til:
turid@abo-ark.no

Bergen, 28.05.2025
E-post: jhh@stiegler.no
Ansvarlig advokat: Jon Håkon Hegdahl
Vår ref.: 21276

UTTAELSE TIL PLANARBEID – DETALJREGULERING ØLVE INDUSTRIBASE

På vegne av Arild Lyhammer, som eier gbnr. 12/10, inngis i denne omgang en kort merknad til det pågående planarbeidet.

Arild Lyhammer mottok de foreløpige plandokumentene på Altinn den 26.04.2025.

Det fremkommer på s. 5 i «Planprogram» at bygning på gbnr. 12/10 i matrikkelen er angitt som «*Våningshus som benyttes som fritidsbolig.*»

Det er imidlertid ikke riktig at våningshuset benyttes som fritidsbolig. Eiendommen er en gammel landbrukseiendom, der huset er landbrukseiendommens bolighus. Det drives ikke landbruk i dag, men arealene holdes i hevd og marken slås. Eiendommen har vært en landbrukseiendom i familien Lyhammer tilbake til 1700- / 1800-tallet. Arild Lyhammer sin far eide frem til sin bortgang i 1999, og Arild Lyhammer sin mor overtok da. I 2012 kjøpte Arild Lyhammer eiendommen av sin mor, og han har siden den gang bodd der med sin familie.

Eiendommen er altså en boligeiendom, noe den har vært i flere hundre år. Registrering som fritidsbolig i matrikkelen er ikke riktig, og Lyhammer vil få orden på dette.

Med vennlig hilsen
Stiegler Advokatfirma AS

Jon Håkon Hegdahl
advokat | partner
jhh@stiegler.no | 92427269



ABO Plan & Arkitektur
Postboks 291
5203 OS

Dato: 06.06.2025
Vår ref: 25/02690-2
Dykkar ref: PLAN-ID 200240004

Fråsegn til melding om oppstart av detaljregulering for Ølve industribase i Kvinnherad kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 24. april 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om saka

ABO Plan & og Arkitektur Stord AS har varsla om oppstart av planarbeid og høyring av planprogrammet for Ølve industribase. Føremålet med planen er å legge til rette for sjøretta næringsføremål innafor planområdet, blant anna landbaserte oppdrettsanlegg. Forholdet til massehandtering vil verte utgreidd som del av planarbeidet, og det skal utarbeidast ein plan for massehandtering.

Fråsegn frå DMF

Massehandtering

Det kjem fram av planprogrammet at planen vil medføre eit masseoverskot, då ein skal planere området for å leggje til rette for næringsområde. Området skal planerast frå kote + 14 ned til om lag kote + 4-5. Størstedelen av masseoverskotet skal etter planen nyttast innafor planområdet til planering, opprusting og mindre utfyllingar i sjø. Resterande masseoverskot skal fraktast ut og nyttast til «samfunnsnyttige tiltak». Kor stort masseoverskotet vil bli og kor massane skal brukast er foreløpig uklart. I referatet frå oppstartsmøtet kjem det fram at det er stilt krav frå kommunen at det skal utarbeidast ein plan for massehandtering som skal vere på plass før igangsetting av tiltak innafor planområdet, og at det skal utarbeidast ei masseberekning.

For å sikre at overskotsmasser blir forvalta på ei god måte anbefaler DMF at massehandtering blir avklart allereie på reguleringsplannivå, og at det utarbeidast ein massehandteringsplan som ein del av arbeidet med reguleringsplanen. I massehandteringsplanen bør det inngå ei masseberekning med oversikt over volum og type masser, samt ei vurdering av massanes kvalitet og planlagde bruksområde for massane. Videre bør planen gjere greie for massebehovet i prosjektet, kva tid i



prosjektet massar må handterast, og om det er behov for areal til mellomlagring og prosessering av massane. Areal for mellomlagring og handtering av massar bør kome fram av plankartet.

Minerallova

DMF minner om at alle masseuttak i utgangspunktet er omfatta av mineralloven, jf. mineralloven § 3. I kapittel 7.1.3 i planprogrammet står det at «*uttaket vil vera for å klargjere areala for næringsverksemd, og har ikkje eit kommersielt formål*». At eit masseuttak ikkje er kommersielt betyr ikkje nødvendigvis at det ikkje er omfatta av mineralloven. Det er den som er ansvarleg for uttak er også ansvarleg for å avklare forholdet til mineralloven, og som må sørge for at naudsynte tillatingar føreligg før uttaket kan bli satt i gang. Dersom det er tvil om uttaket vil vere omfatta av mineralloven, kan tiltakshavar ta kontakt med DMF for ei avklaring av uttakets forhold til mineralloven. For meir informasjon viser vi til vår artikkel «Hvilke uttak omfattes av mineralloven?»¹.

For nærmare informasjon om mineralloven med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Helene Laurin Rosmo
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Helene Laurin Rosmo

Mottakarar:

ABO Plan & Arkitektur

Postboks 291

5203 OS

¹ Hvilke uttak omfattes av mineralloven? <https://www.dirmin.no/hvilke-uttak-omfattes-av-mineralloven>



KYSTVERKET

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Deres ref	Vår ref 2025/1609-4	Arkiv nr	Saksbehandler Turid Susort Jansen	Dato 06.06.2025
-----------	------------------------	----------	--------------------------------------	--------------------

Fråsegn til oppstart og offentlig ettersyn planprogram- gnr 12 bnr 167 m.fl. - Ølve industribase - Kvinnherad kommune - Vestland fylke

Viser til melding om oppstart av planarbeid og utlegg av planprogram til offentlig høring av detaljregulering for Ølve industribase – 12/167 med fl. i Kvinnherad kommune, Plan-ID 20240004.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av sjøtilknytt næring, til dømes landbasert akvakultur eller anna maritim næring, samt tilhørende infrastruktur for vegtilkomst. Planområdet går ut i sjø for å kunne regulere kai og hamneområde, samt plassering av inntaksleidning for sjø- og ev. ferskvassleidning.

I følge planprogrammet skal konsekvens for ferdsel på sjø med omsyn til tryggleik, manøvrering og ferdsel utgreiast.

Kystverket har følgjande faglege råd som vi ber om at det blir teke omsyn til i planarbeidet:

- Planarbeidet med konsekvensutgreiing må vise verknad av planen med omsyn til tryggleiken og framkoma for sjøtrafikken og allmenn ferdsel i farvatnet.**
- Dimensjonerande fartøy som skal nytte industrihamna må avklarast.**
- Plangrense for hamneområde i sjø bør utvidast og omfatte naudsynt manøvreringsområde etter dimensjonerande fartøy. Hamneområde bør ha arealformål *hamn* og *hamneområde i sjø* med tilhørende føresegner.**
- Om det vert planlagt for nattseglas må navigasjonsrettleiinga i området utbetrast.**

Kystverket si rolle


Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.

Eit velfungerande sjøtransportsystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling og busetnad langs kysten. Det er og viktig for at norske

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



bedrifter skal kunne ta del i større handels- og produksjonsnettverk og for persontransport. I tillegg er sjøvegen av sentral sikkerheitspolitisk betydning og mogleggjer beredskap og forsvarsevne. Kystverket har rettleiing og informasjon på våre [nettsider](#).

Aktuelle føringar

Kommunen skal i si planlegging legge nasjonale og regionale forventningar til grunn. Det følger av [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) at «*det legges til rette for vidare utvikling av havner og sjøtransport, og lokalisering og nødvendige arealer vurderes i et regionalt perspektiv*». Vidare går det fram at: «*Næringslivet er avhengig av god infrastruktur og effektive logistikknutepunkter, som godsterminaler, farleder for skipstrafikken og havner*». Det følger av [statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet](#) at: «*Effektiv og sikker trafikkavvikling og god framkommelighet for godstransport skal ivaretas i planleggingen*». Desse føringane skal leggest til grunn i dei følgjande vurderingane.


På generelt grunnlag viser vi til rettleier *Planlegging i sjøområdene*. *Rettleiaren* viser blant anna korleis Kystverket sine interesser tas i vare i arealplanar i sjøområda.

Vi anbefalar at kommunen nyttar seg av Kystverket sine karttenester [Kystinfo](#) og [Kystdatahuset](#) for informasjon og data om sjøtransporten. Kystverket sitt fråsegn

Kystverket si vurdering


Kystverket har vurdert planprogrammet opp mot sikker framkomme for sjøtransporten. Kystverket ser i møte utgreiing av ferdsel på sjø med omsyn til tryggleik, manøvrering og ferdsel. Arealbehovet for sjøtrafikken vert avgjort etter trafikkbildet, farvatnet si utforming, vêrforhold, dag- og nattseglas og navigasjonsinnretningar knytt til farleia. Vi vil spele inn tema som må beskrivast og vurderast i det vidare planarbeidet for å kunne vurdere verknad for tryggleiken og framkoma for ferdsla i farvatnet.

Bilei nr. 2193 «Ølve» går inn Ølvesvika, og skissert planområde kjem inn i areal til farleia.




Bildet viser planområda i Ølvesvika og Hyttevågen med bilei som blå stipla linje og areal til bileia med grønt skravert areal.

Planområdet samsvarer i stor grad med forslaget til ny arealdel til kommuneplanen.




Bilde til venstre viser godkjent arealdel til kommuneplan (2016-2026). Bildet til høyre viser kommuneplanens arealdel på høyring.

I forslag til kommuneplanen sin arealdel «Kvinnherad 2050» er det planlagt eitt næringsområde (NÆ14) med utfylling i sjø. Det er regulert sjøareal for ei ny småbåthamn (SH15) på austsida av fjorden, noko som vil redusere areal til segling og manøvrering i industrihamna. Farvatnet inn til Ølve industribase er smalt med fleire grunner midt i leia. Blant anna er det ei grunne på 7,1 meter i innseglinga til industriområdet. Passasjen er smal mellom stang (sjømerke Nyhammar 2) og 10 meter kvote ved 7,1 meters grunna. Her er det om lag 31 meter mellom 10 meters kvotene.



Bildet ovafor viser farvannet inn til Ølve industribase med grunner og passasje for sjøtrafikken.

Det er fleire grunner nært industriområdet som vanskeleggjer manøvrering, blant anna ei grunne på 6,1 meter innafor areal til hamneområde i sjø, samt grunna på 2,0 meter med sjømerke (Nyhammar 4) like aust for planlagt industriområde. Avstanden frå areal til NÆ14 og til 5 meters kvota utanfor denne grunna (sjømerke Nyhammar 4) er på om lag 39 meter. Sjøområdet aust for industriområdet er lite egna for manøvrering med snuoperasjonar av større fartøy.



Bildet ovafor viser grunner aust for industriområdet, samt passasje for sjøtrafikken.

Oppmåling av djupna i innseglinga er av nyare dato, men sjømålingar av djupna i Hyttevågen er av eldre dato (før 1950).

Det har vore lite sjøtransport inn til Ølve industribase dei siste åra. Det er mest fritidsfartøy som nyttar farvatnet i dag. Då Harding Group hadde aktivitet på g/bnr. 12/62 blei det tatt inn fartøy med omlag 100 meters lengde. Fartøya som hadde manøvreringskapasitet, og djupgang tilpassa sjøområdet, snudde i hovudsak sør for eksisterande kai. Alternativt bakka fartøya seg ut til Ølvesvika sør av Storholmen.

Eit viktig grunnlag for å vurdere tilstrekkeleg areal til ferdsel og manøvrering er avklaring av dimensjonerande fartøy. Manøvreringsarealet til fartøya må planleggast ut frå storleik og eigenskap på dimensjonerande fartøy, dvs. djupne, bredde, lengde og manøvreringsegenskap til lengste fartøy. Hovudregelen for å avklare naudsynt manøvreringsareal til ei hamn er å sette av areal/sirkel med minimum diameter på 2 x lengda av dimensjonerande fartøy. Arealet kan bestå av ein eller fleire sirkalar avhengig av hamna si størrelse, utforming og topografi. Dette må vurderast for kvar enkelt hamn. Plangrensa for hamneområde i sjø bør utvidast og omfatte naudsynt manøvreringsområde etter dimensjonerande fartøy. Hamneområde bør ha arealformål *hamn* og *hamneområde i sjø* med tilhøyrande føresegner. Planomtalen må ta omsyn til kva fartøy som skal anløpe til

kva for ein kai i industrihamna. Manøvreringsarealet bør holdast fri for kablar, vassleidningar, avløpsleidningar og faststående fiskereiskap.

Brønnbåtar, arbeidsbåtar ol. har som regel gode manøvreringseigenskapar, men innsegling og manøvrering ved Ølve industribase vil likevel være utfordrande pga. djupna i leia.

Navigasjonsinstallasjonar

Navigasjonsrettleiinga i området består av jernstenger og er ikkje tilfredsstillande for nattseglas. Farvatnet er ureint og krev ei oppgradering av dagens navigasjonsrettleiing ved seglas i mørket. Ei oppgradering kan bestå av blant anna HIBår (sjømerket med indirekte belysning). Ei eventuell nymerking av farvatnet må dimensjonerast etter sjøtransporten (nyttetraffikken). Ei eventuell nymerking av farleia vil dimensjonerast etter sjøtraffikken til industrihamna og ikkje etter den allmenne ferdsla i sjøområdet. Tiltakshavar må ta ei stor del av kostnaden ved etablering av tilfredsstillande navigasjonsrettleiing til industrihamna.

Navigasjonsinstallasjonar som vert påvikra av planforslaget:

Sjømerkenr	Navn	Merketype
14546M	Storholmflu	Stang med rød krekse
14542M	Nyhammar 1	Stang med viser
14543M	Nyhammar 2	Stang med viser
14545M	Nyhammar 4	Stang med viser
14544M	Nyhammar 3	Stang med viser. Overflødig, ligger helt inn i utfylling.

Føresegna bør omfatte «vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar er tillate, jf. PBL § 1-8 fjerde ledd og § 11-11 nr. 4.»

Eit alternativ for å trygge sjøtraffikken inn til industrihamn er utdjuping. Utdjupinga ligg ikkje inn i Kystverket si NTP portefølje og vil med sannsyn ikkje skje i Kystverkets regi.

Hamn og hamneområde

For effektiv hamneverksemnd er arealtilgang, tilknytninga til infrastruktur, kontinuitet og heilårsdrift avgjerande. God tilførselsveg til hamna og tilstrekkeleg areal for lasting, lossing og lagring må sikrast. Hamnedrift kan føre til ulike typar støy gjennom døgnet som kan være en utfordring for nærliggande områder med støyfølsame bygg. Til dømes kan bustadområde i nærleik av hamn og næringsområde føre til konflikt pga. støy og lykt.

Klimaendringar og økt ekstremvær knytt til havnivåstigning, vind-, bølge-, og straumforhold kan påverke framtidig hamnedrift. Kommunen må gjennom sitt planarbeid sørge for at hamna får gode rammer for utvikling.

ROS

Utfylling i sjø av næringsområdet (NÆ14) samt småbåthamn (SH15) vil redusere manøvreringsarealet til fartøya ved Ølve industribase. Risiko- og sårbarheit analysen bør inkludere grunnstøyt, samanstøyt mellom fartøy og bygningsmasse samt ulykker til sjøs. Analysen bør inkluderer planlagde lyskjelder i hamna med tanke sjøtraffikken. Analysen bør inkludere naturfarar som havnivåstigning og stormflo og vurdere om hamna er rusta til å tole auking av ekstremvær.

Videre planprosess

Kystverket viser til faglige råd i dette brevet og ber om at det tas hensyn til disse i den videre prosessen.

Vi ser frem til å følge planarbeidet og ber om å bli holdt orientert videre.

Med hilsen

Ruben Alseth
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Kvinnherad kommune

Fiskeridirektoratet

Statsforvalteren i Vestland

Rosendalsvegen 10

Postboks 185 Sentrum

Statens hus, Njøsavegen 2

5470

5804

6863

ROSENDAL

BERGEN

LEIKANGER

Til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
v/ Turid Verdal
poststord@abo-ark.no

Dato: 09.06.2025

Merknad til varsel om oppstart av planarbeid – Detaljregulering for Ølve industribase (Plan-ID 20240004)

Ølve Bygdelag viser til varsel om oppstart av detaljregulering for Ølve industribase, datert 24.04.2025, og planinitiativ datert 12.11.2024. Vi ønsker med dette å kome med følgjande innspel og merknader til planarbeidet.

1. Støtte til utvikling av næringsverksemd i Ølve

Bygdelaget ser positivt på planane om vidare utvikling av Ølve industribase. Vi meiner dette vil kunne bidra til:

- Auka sysselsetjing og fleire arbeidsplassar i bygda
- Styrking av lokalsamfunnet og tilflytting
- Vidareutvikling av Ølve som ein attraktiv stad å bu og arbeide

Samtidig ønsker vi å peike på at det bør leggjast større vekt på å få i gang ny aktivitet i eksisterande fabrikkbygg, som tidlegare husa Herde Kompositt. Bygdelaget ser dette som viktig for å møte dagens utfordringar knytt til arbeidskraft og folketalsutvikling i bygda. Ei rask oppstart av drift i desse lokala vil kunne gi positive effektar på kort sikt, og bidra til å halde oppe både busetnad og lokalt næringsliv.

Vi ønsker å vere ein konstruktiv medspelar i prosessen og bidra til at utviklinga skjer i god dialog med lokalsamfunnet.

2. Trafikksikkerheit og gangveg langs fylkesvegen

Vi er uroa for auka trafikk langs fylkesveg 575, spesielt med tanke på mjuke trafikantar og barn som ferdast til og frå Ølve Montessoriskule. Vi ber om at det i planarbeidet:

- Vurderast etablering av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen
 - Sikrast trygg kryssløysing og fartsdempande tiltak
 - Vurderast betre tilkomst for brannstasjon og utrykkingskøyretøy
-

3. Anleggsperiode og trafikkavvikling

Vi er bekymra for at anleggsarbeidet, som vil pågå over lengre tid, kan føre til:

- Stenging av veg i samband med sprengingsarbeid
- Utrygg ferdsel og forseinkingar for skulebarn, kollektivtrafikk og lokal ferdsel

- Auke i trafikk under anleggsarbeidet, som vi er bekymra for vil påverke dagens trafikksikkerheit, vegtilstand, skuleområde og nærliggande sentrum. Dette ser vi òg vil påverke reisetida

Vi ber om at eventuelle stengingar av veg vert:

- Tidsavgrensa til eit minimum, når det er tilknytt sprenging, slik at vi ikkje får lange stengeperioder
- Unngått i rushtid, ved skulestart og ved planlagde bussreiser som går i bygda
- Varsla i god tid til bygda og skulen

4. Gjenbruk av overskotsmasser – mogleg samarbeid

Vi ser at planarbeidet vil medføre store mengder overskotsmasser frå sprengingsarbeid. Ølve Bygdelag ønskjer å undersøke moglegheita for å:

- Nyttasteinmassar f. eks. til molo/ny båthamn og utviding av Alderspensionatet
- Utfylling og tilrettelegging rundt idrettsbana
- Etablere grunnlag for ein framtidig sykkelpark eller liknande tiltak

Vi ber om dialog med tiltakshavar og kommunen for å vurdere dette vidare.

5. Friluftsliv og tilgang til vatn og elv

Vi ber om at det i planarbeidet blir teke omsyn til:

- Unngå unødvendig stor nedtapping av Kvitebergsvatnet
- Tilgang til Kvitebergsvatnet og Hytteelva som viktige friluftsområde
- At ferdsel på sjø og bruk av småbåtar ikkje vert vesentleg hindra
- At det vert vurdert tiltak for å skjerme nærliggjande bustader og skule mot støy og visuell påverknad

6. Medverknad og vidare dialog

Ølve Bygdelag ønskjer ein god og open dialog med tiltakshavar gjennom heile planprosessen. Vi stiller gjerne til eit informasjonsmøte – enten som bygdelag åleine eller saman med bebuarar i området. Vi trur òg at eit slikt møte vil bli sett pris på av innbyggjarane, og bidra til betre forståing og forankring av planane i lokalsamfunnet. Bygdelaget ber om at naboar og andre som har innvendingar mot dei føreliggjande planane, vert lytta til og at mogelege konflikhtar vert løyst til beste for bygdefolket.

Vi stiller gjerne opp til dialog for å bidra til ei løysing som er til det beste for både næringslivet og lokalsamfunnet.

Vi ber om å bli halde løpande orientert om planprosessen og inviterte til relevante møte og høyringar.

Med venleg helsing

Ølve Bygdelag

Gaute Revne, gauterevne@gmail.com



Abo Plan & Arkitektur Stord As
Att:
Torgbakken 9
5411 Stord

Fiskeridirektoratets uttale til varsel om oppstart og offentleg ettersyn planprogram - Detaljregulering Ølve industribase i Kvinnherad kommune

Vi viser til oversending datert 24.04.2025.

Saka gjeld

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å detaljregulere areal avsett i kommuneplanen sin arealdel til næringsføremål i Ølve. Areala er knytt til eksisterande verksemder, samt ønske om å regulere for sjøtilknytt næring, t.d. landbasert oppdrett eller anna maritim næring, samt tilhøyrande infrastruktur for vegtilkomst. I tillegg er sjøareal del av planområdet for å kunne regulere kai og hamneområde, samt plassering av inntaksleidning for sjø- og eventuelt ferskvassleidning.

Fiskeridirektoratet si rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal medverke i planlegging etter plan- og bygningslova i kyst- og sjøområde når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane, vert berørt.

Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur

På nettsida [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no) har Fiskeridirektoratet samla si generelle planrettleiing om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gjev råd om mellom anna

- arealbehovet til sjømatnæringane
- kunnskapsgrunnlaget i kartløyninga «Yggdrasil»
- kriterium Fiskeridirektoratet nyttar for å vurdere kva spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning innanfor saksområda fiskeri, og tang- og tarehausting, jamfør plan- og bygningslova § 5-4
- korleis fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikrast i plankart og -føresegner

Fiskeri- og akvakulturinteresser i området

På motsett side av fjorden for næringsområdet har vi registrert ein låssettingsplass. Informasjon frå siste revisjon viser at plassen er ein mindre viktig låssettingsplass som vert berre sporadisk brukt.

Lenger ute i Ølvesvika har vi registrert eit oppvekstområde for pigghå, fiskeområde med fiske etter sild og brisling med aktive reiskap og gyteområde for torsk. Havforskningsinstituttet har registrert eit gytefelt for torsk av lokal verdi.

Springsdata viser at det er lite fiske innerst i Ølvesvika.

Våre vurderingar

Vi kan ikkje sjå at tiltaka som det planleggast for i Ølve industribase kjem vesentleg i konflikt med våre interesser i området.

Det står i planprogrammet at utslepp frå landbasert oppdrett vil måtte gå i utsleppsleidningar til ytre del av Ølvesvika. Ei slik leidning må leggast ut slik at ho følgjer botnen og utan naudsynte heng, og ho må festast med lodd som ikkje fiskereiskap hektar seg opp i.

Planprogrammet

Fiskeriinteresser er med som eit fagtema i planprogrammet, og det er der informert om desse interessene.

Kystnære fiskeridata som er kartlagt av oss, er eit aktuelt tema for konsekvensutgreiinga. Kartlegging av naturmangfald på land og i sjø skal gjennomførast av firma med fagkyndig kompetanse.

Det skal greiast ut kva konsekvensar fiskeproduksjonen på land vil kunne ha for marint naturmangfald i området, samt konsekvensar av næringssaltutslepp og påverknad på vassførekomsten, fare for spreing av sjukdomar og fare for rømming.

Fiskeridirektoratet tykkjer det er positivt at tiltakshavar har fokus på fiskeriinteresser og marint naturmangfald i sjø, i planprogrammet.

Vidare planprosess

Fiskeridirektoratet ber om at innspela ovanfor vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. Ved vidare kontakt i saka, ver venleg å vise til vårt saksnr. 25/7395 og nytte e-post-adressa postmottak@fiskeridir.no.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Abo Plan & Arkitektur Stord As

Torgbakken 9

5411

Stord

Kopi til:

Kystverket

Statsforvaltaren I Vestland

Sør-Norges Fiskarlag

Vestland Fylkeskommune

Postboks 1502

Njøsavegen 2

Postboks 936

Askedalen 2

6025

6863

6001

6863

Ålesund

Leikanger

Ålesund

Leikanger





ABO Plan & Arkitektur AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - oppstart - reguleringsplan - Kvinnherad gbnr. 12/167 mfl - Ølve industribase – detaljregulering- planid 20240004

Vi viser til brev frå ABO Plan & Arkitektur Stord AS av 24.04.2025. Saka gjeld Melding om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg høyring – Detaljregulering for Ølve industribase – gbnr. 12/167 med fleire. Kvinnherad kommune, Plan-ID 20240004.

Formålet med reguleringsplanen er å detaljregulere areal avsett i kommuneplanen sin arealdel til næringsføremål i Ølve. Areala er knytt til eksisterande verksemder, samt ønske om å regulere for sjøtilknytt næring, t.d. landbasert oppdrett eller anna maritim næring, samt tilhøyrande infrastruktur for vegtilkomst. I tillegg er sjøareal del av planområdet for å kunne regulere kai og hamneområde, samt plassering av inntaksleidning for sjø- og ev. ferskvassleidning. Planen er knytt til etablert industriområde som er ønskjeleg å ekspandere og utvikle.

Det er vurdert at planen utløyser Konsekvensutgreiing, jamfør forskrift om konsekvensvurderingar.

Det konkrete arealet har vore konsekvensvurdert i konsekvensutgreiing av ny kommande kommuneplan (område KK_NÆ26, Ølve). Denne vurderinga syner fleire negative tilhøve ved endra arealdisponering av dette området, mellom anna knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap, nedbygging av dyrka mark, nærmiljø mv.



Flyfoto med plangrense

Statsforvaltaren sine merknader

For Statsforvaltaren er det viktig at ein i planlegginga varetek viktige statlege omsyn. Vi vil særleg peike på følgjande tema knytt til planforslaget:

Overordna planar

I oppstartsdocumenta vert det fleire gongar vist til eit innspel til ny kommuneplan. Til dette vil Statsforvaltaren peike på at planforslaget skal vurderast i høve til gjeldande fastsett plan – kommuneplanen frå 2018 – og ikkje i høve til areal som eventuelt vert sett av til næringsformål i ein framtidig plan. Planforslaget må difor ta utgangspunkt i gjeldande kommuneplan. Planområdet er i gjeldande kommuneplan mellom anna sett av til næringsformål (BN74), offentleg/privat tenesteyting (BOP), bustadformål (B9) og LNF-formål.

Kvinnherad kommune arbeider med ny kommuneplan. Vi føreset at det i denne planen blir gjennomført grundige og nødvendige vurderingar av dei heilskapleg og langsiktig arealdisponeringane langs Ølvesvika og Hyttevågen. Når det blir lagt opp til å leggje til rette for eit større industriområde i dette området, så må konsekvensane av dette belyst for den samla lasta og dei samla arealendringane i heile området langs heile vågen. I ei overordna vurdering må ein også vurdere og ta stilling til alternativ plasseringar og eventuelle alternative utformingar. Når det er avklart på kommuneplannivå om dette er eigna stad for eit næringsområde av denne størrelse, så vil det vere meir føremålstenleg å leggje fram forslag til endra reguleringsplan som er i samsvar med overordna plan.

Private reguleringsplanforslag skal innholdsmessig følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel jf. pbl. § 12-3, tredje ledd. Planforslag som ikkje er i samsvar med kommuneplanen er uheldig. Den samla verknaden av planen må komme godt fram saman med vurderinga av alternativ. Verknaden for områda langs heile Ølvesvika og Hyttevågen er viktig og må



komme godt fram. Dette høyrer dette først og fremst heime i overordna plan. Dersom ein skal gå vidare med eit planarbeid som ikkje er i samsvar med overordna plan, må verknader av tiltaket for eit større område bli varetatt i reguleringsplanen.

Konsekvensutgreiing

Vi vil sterkt tilrå å nytte M-1941 frå Miljødirektoratet i konsekvensutgreiinga for å sikre ein god og anerkjent metodikk i arbeidet.

Støy

Det vert opplyst at støy ikkje vil vere ein del av konsekvensutgreiinga: «*Det er ikkje vurdert at støy er eit aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt for støyfølsom bebyggelse eller støyande anlegg som omtalt i T-1442.*» I oppstartsdocumenta vurderer ein vidare at fagtema forureining (støy og grunnforhold) vil verta implementert i tema naturmangfald og friluftsliv, samt ROS-analyse. Vi meiner dette ikkje er tilstrekkeleg. Vi viser i denne samanheng til at det er støyfølsame bygg innanfor og i nærområdet til næringsområdet, mellom anna er bustader. Eit industriområde må påreknast å ha støyande verksemd, slik at når ein regulerer for denne type verksemd, må støytilhøva vurderast av fagkunnige. Dette må inngå i konsekvensutgreiinga. Manglande eller mangelfull støyutgreiing vil kunne føre til statleg motsegn til planen, jamfør T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis* (revisjon mai 2025) punkt 3.1.

Barn og unges interesser

Omsynet til barn og unge må varetakast i planen. Det er mellom anna ein bustad innanfor planområdet og fleire bustader i området rundt. Det følgjer mellom anna av rikspolitisk retningsline for barn og unge og rundskriv T-2/08 at kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i all planlegging. Når det vert planlagt for areal der barn og unge skal ferdast må det mellom anna leggjast til rette for trygge vegar for barn og unge. Dette gjeld òg trygg skuleveg. Utviding av næringsverksemda vil truleg medføre meir og tyngre trafikk på vegar med dei ulempene for samfunnet dette medfører. Når det gjeld krav til fysisk utforming viser vi til kap. 5 i Statlege planretningslinjer for barn og planlegging: «*Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.*» . I Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet heiter det at «*planlegging skal ivareta trafiksikkerhet for alle trafikantgrupper, spesielt gående og syklende, og særskilt sikre trygg skolevei*» (punkt 3.12 trafiksikkerhet).

Verknader av planforslaget for barn og unge i planområdet og i nærområdet utanfor planområdet må synleggjerast, og omsynet til barn og unge må sikrast i planen.

Strandsoner

Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN's berekraftsmål. Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Førearbeida legg til grunn at dette også gjeld ved utarbeiding av planar. Vi føreset at også statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona lang sjø (FOR-2021-05-21-1563) blir lagt til grunn for planarbeidet.

Masseutfylling i sjø

Dersom det blir lagt opp til utfylling av massar i sjø er det viktig å avklare kva type massar som skal nyttast, konstruksjonsmetode (t.d. betong-fundamentering), konkret arealavgrensing, omfang av areal i sjøområdet (m²) og mengde massar (m³). Tiltak som utfylling i sjø kan medfører miljølempesom spreining av miljøgifter, partiklar, slam og avfall og forstyrring eller fysiske skadar på naturverdiar. Dersom det er aktuelt med utfylling i sjøområdet må tiltakshavar sørge for nødvendig



løyve til dette. Konsekvensutgreiinga må gjere greie for verknaden for naturmangfald, gyteområdet, friluftsliv i sjø og allmenne interesser i samband med utfylling av massar i sjøområdet. Dersom det blir nytta massar med plastrestar etter sprengstoff, så må det gjerast greie for korleis ein skal handtere faren for plastforureining i sjø.

Vassforskrifta

Konsekvensutgreiinga må gjere greie for verknaden av planen for vassmiljøkvaliteten i sjøområdet. Vi viser til at vassforskrifta § 12 skal vurderast ved enkeltvedtak, dersom ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst kan medføre at miljømåla etter vassforskrifta ikkje blir nådd eller at tilstanden i vassførekomsten blir forringa.

Naturmangfald

Utgreiingar og feltundersøkingar av naturmangfald skal følgje offentleg metodikk og skal utførast av personar med relevant fagleg kompetanse, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17. Sjå til dømes rettleiar frå Miljødirektoratet M-1324-2019 og rettleiar M-1941 for tema som gjeld klima og miljø i konsekvensutgreiingar.

Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, jf. nml. § 7. Ei vurdering av verknader for naturmangfaldet skal gå fram av det endelege vedtaket i saka.

Naturressursar, VA og verknader for naturmiljø

Planarbeidet skal mellom anna leggje til rette for landbasert oppdrett. Det må gjerast greie for bruken av vatn, vassforsyning, avlaup, og verknader for naturmiljø i konsekvensutgreiinga

Landskap

Planar skal bidra til å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap, jf. pbl. § 3-1 bokstav b. Verknader for landskap er ein relevant del av avgjerda. Visualisering av tiltaket med både fjern- og nærperspektiv vert difor ein viktig del av arbeidet. Omfanget og konsekvensar av terrenginngrep må skildrast. Det må gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering av korleis tiltaket vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg og teknisk infrastruktur må skildrast nærare. Dersom det er aktuelt med intern veg i planområdet må det gjerast greie for omfang og plassering av tiltaket i forslag til plan og føresegner.

Landbruk

Data frå NIBIO viser at det er om lag 10 dekar med overflatedyrka jord innanfor planområdet. Det er uheldig å bygge ned dyrka mark. I den nasjonale jordvernstrategien er det sett mål om maksimal årleg omdisponering av dyrka mark på 2000 da. Dette er eit nasjonalt mål, og det er avgjerande for å nå målet at det ikkje vert omdisponert dyrka mark gjennom arealplanlegginga, anna enn i særskilde høve. Kommunane må bidra til at det nasjonale jordvernålet vert nådd. Det nasjonale jordvernålet er ambisiøst og tilseier at ein har ei særst restriktiv haldning til å bygge ned matjord. Rundskriv M-1/2025 frå Landbruks- og matdepartementet gjer greie for nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern, og klargjer motsegnspraksisen knytt til nedbygging av dyrka mark.

Klima-, energiplanlegging og klimatilpassing

Nord og nordvest langs Kvitebergsvatnet ligger det fem gårdsbruk, alle med et rikt kulturmiljø og lang historie. Nord for gruveområdet ligger Attramadalen gård, med drift fra 1656 (Vaage, 1987). Gården ligger vakkert til ved vannkanten, og bygningene er av gammel dato. Her ligger blant annet et sefrak-registrert naust, som vil bli tørrlagt og utilgjengelig ved nedtapping.

Helt nord i vannet ligger klyngetunet Kviteberg, et kulturminne det er få igjen av i landet. Gården ble trolig ryddet på slutten av 1500-tallet, men her kan ha vært drift også før svartedauen (Vaage, 1987) Her ligger også Kviteberg-sagen, fra ca 1700 (Bygdadrøso et al, 2024), og flere naust, både for Kviteberg og Tveitane. Viken utenfor klyngetunet er under en meter dyp, og vil bli tørrlagt ved nedtapping.

Vest for dette ligger de to småbrukene på Plasset (ca 1780 og 1834.) Våningshusene er sefrak-registrert, og de har henholdsvis gammelt kaianlegg og naust som vil bli tørrlagt og utilgjengelig ved nedtapping.

Vest for disse ligger gården Røyrane, hvor eldste kjente bruker er nevnt i manntallet fra 1613 (Vaage 1987.) Også her ligger sefrak-registrete bygninger og naust. Sistnevnte vil bli tørrlagt og utilgjengelig ved nedtapping.

Ut over de nevnte ligger det to klebersteinsbrudd i vannkanten i Skutlavika, fem sefrak-registrerte naust i Ambarevika, og Fugleberg-sagen på østsiden av vannet.

4.4 Kulturminner langs Hytteelven

Hytteelven har fått navnet sitt fra smeltehytten som lå på Slagget. Dette stedet het Klau før gruvedriften.

Slagget bærer preg av å ha vært et senter og samlingsplass for lokallivet, antakelig fra svært gammel tid. Dette var tilkomsten til sjøen for gårdene i østre delen av Ølve, og mange hadde nøst her. Herfra skipet man ut baksteheller til hele Skandinavia, senere kobber- og svovelkis, og trevirke til Skottland. I nyere tid hadde stedet handelsmann. I dag ligger det fire naust og en naust-tuft som er sefrak-registrert her.

På motsatt side av elven fra Slagget ligger det en gullgruve fra 1885. I planforslagets punkt 7.1.2 oppgis denne som «*ikkje freda*», mens den i NIBIO sitt gårdskart er oppført som «fredet kulturminne», med vernedato 2018.

Lenger opp i hytteelven ruver fundamentet etter Klau-sagen (Husa-sagen), bygd omtrent 1540 av lensherre Jens Pallesen Splid. Dette var en av de første oppgangssagene i Sunnhordland, og ble på 1600-tallet et senter for skottehandelen. Av protokollene fra tollstasjonen på Eldøy fremgår det at

det i perioden 1610-27 kom 46 skip fra Klau, med tilsammen 1124 lester trelast - ca 2300 registertonn (Bygdadrøso et al, 2024.)

Her står også fundamentet etter Tufta-sagen, som bøndene i området gikk sammen om å søke om å få sette opp i 1775 (Husa, Tufta, Fugleberg, Netland og Røyrane.) Denne saken stod stod fremdeles i ca 1900, og er synlig på et bilde fra da (Bygdadrøso et al, 2024.)

Lenger opp i elven står en gårdskvern, som i senere år har blitt gjenoppbygget og restaurert på fundamentet av den gamle. Jeg er ikke kjent med alderen på den opprinnelige kvernen.

4.5 Rekreasjonell bruk av Kvitebergsvatnet, fritidsbruk

Lokalbefolkningen gjør aktiv bruk av Kvitebergsvatnet til fiske, turområde, roturer, bading og til skøyting om vinteren.

Bruken av Kvitebergsvatnet har økt betydelig etter etableringen av Røyrane bobilparkering. Den ligger idyllisk til ved vannkanten, og ble i 2023 kåret til «Norges Beste Bobilplass». I sommerhalvåret er det sjelden en helg hvor det ikke står et skilt med «fult» ved nedkjørselen. En nedtapping av Kvitebergsvatnet sommerstid vil få stor innvirkning for bobilplassen, og vil sannsynlig føre til tap av arbeidsplasser.

Rekreasjonell bruk av Kvitebergsvatnet ble opprinnelig nevnt i planinitiativet, hvor det het «*Kvitebergsvatnet og Hytteelva er del av eit friluftsområde med viktig verdi. Dette er knytt til vatn, elv og kantzone.*» I planforslaget som nå ligger til høring er setningen tatt ut, og rekreasjonell bruk av Kvitebergsvatnet er ikke nevnt.

5. Forhold rundt konsesjonsøknad til NVE

Reguleringsplanen og konsesjonsøknaden til NVE har overlappende formål. Som nevnt i innledningen mener jeg å se en rekke faktuelle svakheter ved konsesjonsøknaden, og at dette bør tillegges vekt ved behandling av planforslaget. Jeg gjennomgår derfor noen momenter fra konsesjonsøknaden her.

- Verneinteresser – naturvernområder

I konsesjonsøknaden oppgis: «*Det er ingen områder eller objekter i nærheten av anlegget som er vernet i medhold av naturvernloven.*»

Søker burde her informere om verneområdet som ligger til behandling hos statsforvalteren, se punkt 4.2. Undertegnede har gjort søker oppmerksom på dette gjennom saksbehandling av flere kommunale forvaltningssaker, og søker er godt kjent med forholdet.

- Landskap

Konsesjonssøknaden gir en beskrivelse av landskaptypen i området, og så en nærmere beskrivelse av landskapet rundt Ølve Bruk AS sitt gamle anlegg, hvor inngrepene forventes å bli minimale. Deretter klassifiseres konsekvensene som «ubetydelig».

Det gis ingen beskrivelse av landskapet rundt Kvitebergsvatnet, på tross av at det vil være i dette området konsekvensene for landskap vil bli betydelige.

- Naturmangfold

Søknaden referer til noen enkeltobservasjoner, men det opplyses ikke at en samlet utredning av naturmangfoldet aldri har blitt gjort.

Under saksbehandling av forrige konsesjonssøknad til NVE kom det frem at det er en bestand av blodigler i vannet, og at det vokser taksrør der, men disse er ikke nevnt i denne nye konsesjonssøknaden.

- Kulturminner og kulturmiljø

Under dette punktet nevnes kun den gjenoppbygde gårdskvernen i hytteelven. *Ingen av de andre kulturminnene jeg lister opp under punkt 4.3 og 4.4 er nevnt.*

- Fritidsbruk

Behandles svært overfladisk. Det nevnes noen potensielle aktiviteter, som som lek og opphold i grønne områder i nærmiljøet, samt vannaktiviteter som bading/soling, padleturer/roturer/seiling.

Lokalbefolkningens aktive bruk av influensområdet nevnes ikke. Bruken knyttet til Røyrane Bobilparkering nevnes heller ikke.

- Samfunnsmessige virkninger

Ved siden av egen verdiskapning hevder Alsaker AS at tiltaket vil skape sysselsetting for opp til 5 årsverk.

Det er et stort sprik mellom «opp til 5 årsverk», og de 40-50 arbeidsplassene Alsaker AS påstod i møte med kommunen 29. november 2023.

Kvinnherad kommune hadde da gitt avslag på søknad om å få overføre fallrett fra Kvitebergsvatnet og elvegrunn i Hytteelven til Alsaker AS, men skrev etter møtet til Statsforvalteren at de nye opplysningene fikk kommunen til å se anderledes på saken. Kommunen omgjorde deretter vedtaket. Statsforvalteren sendte imidlertid saken tilbake til kommunen, fordi Alsaker AS feilaktig påstod å ha gyldig konsesjon for nedtapping fra NVE. Saken ligger nå på vent hos kommunen, i påvente av eventuell konsesjon (sak 2023/2452.)

- Hydrologiske forhold

Som grunnlag for beregning av årlig nedbørsmengde benyttes vannføringstasjonen ved Røykenes i Osvassdraget, som har tilførsel fra Gullfjellsplatået og fjellene langs Hausdalen. Grunnet topologiske forhold gir dette et misvisende grunnlag for beregning av nedbørsmengde.

Ølvehalvøya er den siste landfaste biten mellom Kvinnheradsfjorden og Bjørnafjorden. Terrenget er lavtliggende småkupert kystlandskap. På sørsiden av Kvinnheradsfjorden ligger store fjellmassiv, fra Folgefonna til Uskedalen. På nordsiden av Bjørnafjorden ligger Gullfjellsmassivet. Fjellmassivene sør og nord for fjordene er av en slik størrelse at de er nedbørsgenererende.

Resultatet er at regnet legger seg på fjellmassivene, og Ølve er derfor et godværsted, med lite nedbør. Til sammenligning hadde målestasjonen på Gullfjellet nedbørsrekord for Norge i 2024, og har hatt denne flere av årene etter at målestasjonen ble etablert i 2016.

Røykenes målestasjon er derfor ikke relevant for nedbørsmengden i Ølve. Faktiske nedbørsmålinger må gjøres. Søker har arbeidet med denne søknaden i minst tre år, og har hatt god tid på seg til å foreta slike målinger.

- Magasinets kapasitet

I konsesjonsøknaden oppgis: «Med reguleringshøyde på 1,6 m og 1,42 km² areal av magasin, blir det et magasin på til sammen omtrent 2,63 mill. m³.»

Dette regnestykket stemmer ikke, og beregningen av magasinets størrelse er overdrevet. Dersom magasinet hadde loddrette vegger ville det gi $= 1\,420\,000\text{ m}^2 \times 1,6\text{ m} = 2\,272\,000\text{ m}^3 \approx 2,27\text{ mill. m}^3$

Dersom man legger til grunn at 27,5 % av vannet har dybde på 0 – 5 meter, og at dybden øker jevnt fra HRV får vi et gjennomsnittlig effektivt areal på $\approx 1\,420\,000\text{ m}^2 \times 0,86 \approx 1\,220\,000\text{ m}^2$. Dette gir et tappbart volum: $1\,220\,000\text{ m}^2 \times 1,6\text{ m} = 1,95\text{ mill. m}^3$

I planleggingsammenheng vil man normalt legge et mer konservativt estimat til grunn, for å unngå å overestimere, og holde grunne områder utenfor beregningen (1,6 – 5 m fra HRV.) Estimater vil da ende på 1,65 mill. m³, som er under to tredeler av påstått volum.

- Flomforhold

I søknaden heter det: «Tiltaket vil medføre en mer aktiv bruk av dagens magasin i Kvitebergvatnet, og med det avdempe de ulemper som har vært i flomperioder der vannstanden noen steder kan komme nærme fylkesveien.»

Påstanden har ingen rot i den faktiske virkelighet. Frem til 2019 hadde Alsaker en fiskerist i utløpet av vannet, som hadde en tendens til å gå tett. Da var det flom i vannet, men fremdeles ikke nær fylkesveien. Etter at fiskeristen ble fjernet har det ikke vært flom. Årstidsvariasjonen for vannstand i Kvitebergvatnet er i dag mellom 10 og 20 cm.

- Minstevannføring

I søknaden foreslås en minstevannføring på 70 l/s. Videre heter det: «Det er en gammel dam i utløpsosen av innsjøen. [...] Dammen er omtrent 80 cm høy, og ligger i en utskutt kanal som har senket terskelen i utløpet med omtrent 1,2 meter.»

Det følger at vannspeilet ved 1,6 meters nedtapping vil ligge 80 cm under terskelen i den utskutte kanalen. Hvor lang denne kanalen er fremgår ikke, men fra kartet kan det se ut som den er i overkant av 120 meter.

For å sikre minstevannføring, samt oppvandringsmulighet for ål og sjøaure, må det bygges en fisketrapp av betydelig størrelse og lengde, og det må pumpes vann opp i denne. Det gis ingen beskrivelse av et slikt tiltak i konsesjonssøknaden.

6. Mulige løsninger – konsekvensutredning av Kvitebergvatnet, Hytteelven

Det finnes flere mulige løsninger, hvor alle interesser vil bli ivaretatt.

6.1 Utvidet planområde

Planområdet kan utvides til å omfatte Hyttevågen, Hytteelven og Kvitebergvatnet. Dette vil sikre en helhetlig og fullstendig utredning av samfunns- og miljøinteresser.

6.2 Koordinert konsekvensutredning mellom kommune og NVE

Konsekvensutredning skal gjøres omtrent til samme tid hos NVE og Kvinnherad kommune. En koordinert konsekvensutredning vil kunne ivareta begge instansers behov, og vil kunne gi en høyere kvalitet på konsekvensutredningen. Dette vil også være arbeidsbesparende, og hindre dobbeltarbeid.

6.3 Føringer i reguleringsplan for bruk av desalinering og lukket vannbehandlingssystem

Kvinnherad kommune kan legge føringer i reguleringsplanen om at det skal benyttes desalineringsanlegg for produksjon av ferskvann, og om at dette ikke skal hentes utenfra.

7. Konklusjon

Kvinnherad kommune har ikke rettslig grunnlag for å unnta Kvitebergsvatnet og Hytteelven fra konsekvensutredningen. Plan- og bygningsloven § 12-1 tredje ledd gjelder kun unntak fra reguleringsplankrav, ikke fra konsekvensutredning. KU-forskriften inneholder ingen bestemmelser som fritar kommunen fra utredningsplikt når annen myndighet skal behandle relaterte søknader.

Selv om en slik unntaksregel fantes fremgår det av KU-forskriften at kommunen *kan* gjøre en slik konsekvensutredning. I dette tilfellet er det vektige grunner til at kommunen også *bør* gjøre en slik konsekvensutredning. Det vises da særlig til omgangen med kulturminner i konsesjonsøknaden til NVE, hvor kun det gjenoppbygde kvernhuset i Hytteelven nevnes.

Planforslaget vil få vesentlige virkninger for miljø og samfunn gjennom påvirkning på kulturminner, naturmangfold og befolkningens bruk av området. Industrianlegget og Kvitebergsvatnet utgjør en fysisk og funksjonell enhet, og nedtapping er en direkte konsekvens av planvedtaket.

NVEs eventuelle konsekvensutredning etter vassdragsloven kan ikke erstatte kommunens utredningsplikt etter plan- og bygningsloven. Disse har ulike formål, fokusområder og sikrer offentlig medvirkning på forskjellige tidspunkt i prosessen. En samordnet konsekvensutredning, mellom kommune og NVE, tilpasset begges behov, vil derimot kunne sikre en konsekvensutredning av høy kvalitet.

Kvinnherad kommune kreves derfor å utvide planområde og/ eller konsekvensutredning til å omfatte Kvitebergsvatnet, Hytteelven og tilgrensende områder, som del av planbehandlingen for Ølve industribase.

Subsidiært må det legges føringer i reguleringsplan som sikrer at ferskvann produseres fra desalinert saltvann, og at ferskvann til produksjon ikke hentes fra andre kilder.

8. Referanseliste

Baug, Irene *Quarrying in Western Norway, an archeological study of production and distribution in the wiking period and middle ages*, 2015, Archaeopress Publishing Ltd, Oxford

Bygdadrøso/ Kulturnemda
i Ølve bygdelag *Dei gamle sagene i Ølve og på Hatlestrand*, 2024

Johnsen, Geir Helge

*Beskrivelse av Kvitebergsvatnet i Ølve, Kvinnherad kommune,
rapport nr. 458, 2000, Rådgivende Biologer AS*

Vaage, Erling

Kvinnherad, gårds og ættesoga, Band 2, 1987, Kvinnherad Kommune

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Dato	11.06.2025
Vår referanse	2025/34645-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Innspel til oppstart og offentlig ettersyn - gnr. 12 bnr. 167 mfl. Ølve industribase - planID 20240004 - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 24.04.25 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Ølve industribase. Hovudføremålet med reguleringsplanen er å detaljregulere areal avsett i kommuneplanen sin arealdel til næringsføremål i Ølve. Arealen er knytt til eksisterande verksemder, samt ønske om å regulere for sjøtilknytt næring, t.d. landbasert oppdrett eller anna maritim næring, samt tilhøyrande infrastruktur for vegtilkomst. Føremålet er i delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næringsføremål (BN74), offentlig/privat tenesteyting, bustad (BOP), bustadføremål (B9) og LNF. Næringsføremål (BN74) som ikkje er omfatta av gjeldande reguleringsplan (#A) er omfatta av gjennomføringssone H810_6 med krav om felles planlegging. Kommunen har vurdert at planen utløyer krav om konsekvensutgreiing og saman med melding om oppstart av planarbeid ligg det føre planprogram som er på høyring.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Forankring regional plan

I følgje plan og bygningsloven §8-2 skal regional plan (...) *legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.* Av regionale planar, er følgjande særleg viktige for denne planen

- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion
- Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (Austevoll, Tysnes, Fitjar, Bømlo Stord, Sveio, Etne, Kvinnherad, Fusa, Kvam, Ullensvang (tidl. Jondal))

Dei regionale planane har mål og retningslinjer som skal leggest til grunn for planarbeidet. Vi ber om desse planane vert teke med som ein del av kunnskapsgrunnlaget og at det vert synleggjort i planomtalen korleis dei regionale føringane verkar inn på planen. Dei regionale planane er samla på fylkeskommune si [heimeside](#).

Planfaglege merknadar

Konsekvensutgreiing

Kommunen har konkludert med at det er krav om konsekvensutgreiing av detaljreguleringsplanen i samband med oppstart av planarbeidet, og det er planprogram på høyring saman med melding om

oppstart av planprogram. I planprogrammet er det vist til relevant metode. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere verknadene av planen og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Fylkeskommunen finn at forslag til tema som blir handsama i konsekvensutgreiinga dekker i hovudsak dei tema som er naturleg å gjere greie for. Vi vil også minne om at for tema det ikkje vert utarbeidd KU for, skal verknadane av planen gå fram av planomtalen.

Medverknad

Etter plan- og bygningslova § 5-1 skal alle som fremjar planforslag legge til rette for medverknad. Dei gruppene som ikkje er i stand til å delta direkte skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på anna måte. I det vidare planarbeidet er det viktig at forslagsstillar synleggjer korleis innspel som har kome fram gjennom medverknadsprosessen er vurdert og tatt stilling til.

Klima og miljø

I nasjonal og regional politikk er det eit auka fokus på jordvern og klima- og naturkrisa. Nedbygging av natur reduserer økosystemtenestene, som elles bidreg med t.d. CO²-lagring, vern mot klimaendring og -risiko, og naturmangfald. Jf pbl § 3-1 bokstav g) *skal planar etter pbl ta klimaomsyn, gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til forventa klimaendringar, gjennom løysingar for energiforsyning, areal og transport.*

[Regional plan for klima](#) har mål om å redusere klimagassutslepp, skape eit trygt og robust fylke, sikre naturmangfald som er viktig for å redusere klimarisiko og vere ein pådrivar for rettferdig klimaomstilling. Planen inneheld [retningslinjer for planlegging](#) som skal leggest til grunn for planlegging i kommunane.

Klimaendringar vil føre til ei auke i nedbør og overvann mange stadar, samtidig som at utbygging ofte fører til fleire tette og harde flater. Naturbaserte løysingar for overvasshandsaming med opne vassvegar, kan bidra til å skape eit balansert forhold mellom tilpassing, natur og landskap. Dei kan vere med å skape gode nærmiljø og vere eit middel for å få naturen tettare på, samtidig som det biologiske mangfaldet blir teken i vare i utbygde og fortetta område.

Landskap

Det er gjennomført kartlegging og verdivurdering av landskapet i Hordaland. Dette området ligg i landskapstypen småfjord- og storsundlandskap med middels verdi.

All utbygging har verknad på landskapet, og bør såleis vere tilpassa landskapet. Planlegginga må sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omjevnadane. Det vil vere positivt å vise realistiske illustrasjonar i høve til perspektiv og skala. Visuelle illustrasjonar bør visast frå perspektiv der menneske ferdast. Landskapsverknader kan også illustrerast godt og bør følgje planforslaget

Strandsone

Når kommunen vil legge til rette for utbygging i dette området, som også omfattar strandsona, må de vere merksam på at det innanfor 100-metersbeltet skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dette er uavhengig av om arealet er avsett til føremåla i KPA. Vi ber kommunen vere merksam på at tilgangen til strandsona også gjeld frå sjøsida.

For vidare arbeid med planprosess og innhald, viser Vestland fylkeskommune til [digital strandsonerettleiar](#). Denne er basert på gjeldande regionale føringar og [statlege planretningslinjer for forvaltning av strandsona](#).

Vi vil òg minne om at reguleringsplanen må vise byggegrense mot sjø dersom planen opnar for gjennomføring av byggetiltak jf. plan og bygningslova § 1-8. Det er anbefalt å forankre byggegrense i plankartet. Føresegnene bør brukast til å definere kva byggegrensa er og for kva tiltak den gjeld. Om naudsynt er det mogleg å ta i bruk retningslinjer for ytterlegare skildring, jf. råd og rettleiing i strandsonerettleiaren for Vestland fylke. Byggegrense mot sjø bør trekkast så langt vekk frå sjølinja som mogeleg, og byggegrenser for eksisterande tiltak bør ligge tett kring det fysiske tiltaket, og ikkje i føremålsgrænse eller tomtetgrenser. Vi ber om at planframlegget vil avgrense vidare utbygging i strandsona.

[Den regionale kystsoneplanen](#) har mål om at strandsona skal ivaretaast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar, jf. generelle føringar for nye tiltak i strandsona i regional kystsoneplan.

Vassforvaltning

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta, og koordinerer prosessen med å gjennomføre [regional plan for vassforvaltning](#) i tråd med vassforskrifta. I alle forslag til regulerings-planar må det vurderast om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknytning til planområdet. [Vann-nett](#) gjev viktig grunnlagsdata for alle reguleringsplanar. Gode verktøy for å ta i vare vassmiljø er omsynssoner i plankartet, føresegner og retningsliner.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til brev datert 24.04.2025 med oppstartvarsel og høyring av planprogram for Ølve industribase gnr. 12, bnr. 167 mfl. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi innanfor planområdet. Det er eit forholdsvis stort planområde og delar av arealet ligg i ei slik høgd over havet at det kan vere potensial for nye funn, då spesielt frå steinbrukande tid. Vi vil difor gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

Samferdsel

Vi uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar. Vårt ansvar er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs fylkesveg.

Generelle innspel til planarbeidet

Avdeling for infrastruktur og veg ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker
- Grunnundersøkingar

Generelt vil vi minne om at Statens vegvesen si handbok N100 Veg og Gateutforming er gjeldande for alle offentleg veg, og eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Vidare skal tekniske teikningar også sendast til vegeigar før offentleg ettersyn

Særlege innspel til dette planarbeidet

- Vestland fylkeskommune legg til grunn at verknadane planløysingar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing.
- Vestland fylkeskommune ber om at trafikktryggleik vert eit eige tema i planarbeidet. Både i planskildringa, ROS-analysen og konsekvensutgreiinga (KU) der det er kram om KU.
- Behov for rekkefølgjekrav
- Særlege forhold med tanke på trafikktryggleik
- Parkeringsdekning og – behov
- Trafikkanalyse
- Vurdere eigarforhold (t.d i forhold til bygging av fortau, gs-veg osv.)
- Konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet
- Det kan verte behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkefølgjekrav om tiltak på fylkesveg.

Det er uheldig med auka tungtransport forbi skuleområdet og langs borna sin skuleveg. Vestland fylkeskommune erfarer i dag utfordringar med tungtransport langs skulevegar andre stadar fylket. Større køyretøy har blant anna store blindsoner og lenger bremselengde. Samstundes er born dårlegare rusta til å gjere gode vurderingar i trafikken.

Planprosjektet må gjere ei grundig analyse av forventa auka trafikkmengd på fylkesvegen gjennom tettstaden Ølve, og auka tungtransport forbi skuleområdet. Dei trafikale forholda langs vegstrekninga gjennom Ølve må bli kartlagt og vurdert.

Det vil i den vidare planprosessen bli gjort vurderingar av kor mykje auka tungtransport ein kan opne opp for forbi skuleområdet, og ein må forvente at det vil bli stilt krav til trafikktryggleikstiltak utanfor planområdet.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på verknadane tiltaket har på trafikk og generelt utarbeide ei konsekvensutgreiing som gjer greie for verknadane av planen med fokus på verknadar både på influensområdet og i planområdet.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
seniorrådgjevar
NPI – Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL

Intern sakshandsamarliste

Lars Øyvind Birkenes	KFO - Arealplan
Guri Finne Sognæs	INV - Vegforvaltning Vestland

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Plan-ID

Dykkar ref: 20240004

Vår ref: 2025/102371

Dato: 03.06.2025

Innspel til oppstart av planarbeid - Detaljregulering for Ølve industribase - 12/167 med fleire i Kvinnherad kommune - Plan-ID 20240004

Vi viser til melding om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentlig høring - Detaljregulering for Ølve industribase - 12/167 med fleire - Plan-ID 20240004.

Føremål med planarbeidet

Hovudføremålet er å detaljregulere næringsareal i Ølve for eksisterande verksemder og sjøtilknytt næring som landbasert oppdrett. Planområdet inkluderer også sjøareal for kai, hamneområde, samt plassering av inntaksleidning for sjø- og ev. ferskvassleidning.

Vår rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt med ansvar for plantehelse, fiskehelse- og velferd, dyrehelse- og velferd, mat og drikkevatt. I denne saka er fagområda drikkevatt og plantehelse særleg relevante. Eventuelle innspel om akvakultur vil verte sendt som eige innspel frå relevant avdeling i Mattilsynet.

Oppsummering:

- Vassforsyningsikkerheit må dokumenterast, og det må sikrast fullstendig separasjon mellom produksjonsvatn til oppdrett og drikkevassforsyning for å unngå kryssforureining.

- Dersom planane inneber flytting av jordmassar, må de vurderer om dette inneber fare for å spreia planteskadegjerarar og eventuelt innføra tiltak som hindrar spreing.
-

Vi har forventingar til at planen omtalar omsyn til drikkevasskjelder, vassforsyning, avløps- og overvasshandtering, plantehelse og gir derfor følgande innspel til oppstartsvarselet:

Om vassforsyning

Mattilsynet forvaltar drikkevannsforskrifta (forskrift om vannforsyning og drikkevann). Vårt ansvar i planarbeidet er å sikra vern av eksisterande og framtidige drikkevasskjelder og leveringstryggleik for trygt og tilstrekkeleg mengde drikkevatt til innbyggjarar og lokalsamfunn.

Vassforsyning og infrastruktur

Ifølge planprogrammet:

- Området skal verte forsynt med kommunalt drikkevatt frå Ølve og Hatlestrand vassverk (s. 23: "Kvinnherad kommune eig og driftar Ølve og Hatlestrand vassverk. Det vil verta planlagt for kommunalt drikkevatt")
- Det ikkje er kommunalt avløpsanlegg for området (s. 23: "Det er ikkje kommunalt avløpsanlegg for området, men mogleik for tilkopling til anlegg nærmare Ølve sentrum")
- Det vert planlagt både kommunale og private løysingar for forbruksvatn (s. 23: "Det skal vurderast om nye tiltak kan koplast på eksisterande infrastruktur eller om det vert etablert separate private løysingar for forbruksvatn og avløp").
- Produksjonsvatn til landbasert oppdrett skal hentast frå Kvitebergsvatnet (ferskvatt) og sjø (saltvatn) via private anlegg (planprogram s. 23: "Produksjonsvatn til oppdrett med ferskvatt vil avhenge av løyve frå NVE»)

Mattilsynet si vurdering:

Med bakgrunn i drikkevattsforskrifta § 9 (leveringssikkerheit) må det sikrast tilstrekkeleg kapasitet og leveringssikkerheit for drikkevatt, særleg med tanke på auka forbruk på grunn av ny næringsverksemd.

Det må sikrast at det ikkje førekjem kryssforureining mellom produksjonsvatn (fersk- og sjøvatn til oppdrett) og drikkevassforsyninga. Vassleidningar innanfor planområdet bør kartleggjast og takast omsyn til for å hindra skadar ved gjennomføring av tiltaket. Det er derfor

viktig at oppdaterte kart over leidningsnett og aktuelle sårbarheiter ved distribusjonssystemet er beskrivne og vurderte i planarbeidet.

Om plantehelse

Mattilsynet forvaltar plantehelseforskrifta (forskrift om plantar og tiltak mot planteskadegjerarar) I tilknytning til plantehelse er Mattilsynets ansvarsområde å forhindra spreieing av planteskadegjerarar som kan ha alvorlege samfunnsøkonomiske konsekvensar.

Ifølge planprogrammet:

- "Det er ikkje gjennomført masseberekning, men planen vil medføre eit masseoverskot" og "Forholda til massehandtering vil verta utgreidd som del av planarbeidet", (s. 23)

Ifølge planinitiativ:

- "Ein vil i størst mogleg grad søke å nytte massane internt på næringsområda for planering, opprusting og mindre utfyllingar i sjø. Utover det vil masseoverskot vil verta frakta ut av området og nyttast til samfunnsnyttige tiltak», (s.7)

Planteskadegjerarar kan spreieast ved flytting av jordmassar, og med restar av jord, plantar og frø på maskiner og utstyr. Nokre av desse kan gi store negative konsekvensar for eigedommane jorda blir flytta til. Faren for å spreia planteskadegjerarar og ugras er størst frå dyrka mark. I sjeldnare tilfelle kan det førekomma alvorlege planteskadegjerarar på gjengrodde areal, i skog og i private hagar.

Kommunar, entreprenørar og andre ansvarlege for anleggsarbeid og flytting av jord, må allereie i planleggingsfasen gjera ei vurdering av om aktiviteten kan innebera fare for å spreia nærare spesifiserte planteskadegjerarar og ugraset floghavre. Dei ansvarlege må gjera denne vurderinga før oppstart av arbeidet med å grava, transportera, deponera og tilføra jord til nye område.

Les meir på Mattilsynets nettsider: [Planteskadegjørere | Mattilsynet](#)

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Chi Thuy Le
seniorrådgiver

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved